



## REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I NGIR IKS

Org.nr 856 167 402

**Tid:** 05.06.23, kl 10.45

**Stad:** Alver hotell

### Desse representantane møtte:

**Alver:** Ingrid Fjeldsbø, Tormod Skurtveit, Nina Stabell Øvreås, Yngve Walaker, Stian Lavik, Anna Grete Eide  
**Austrheim:** Gro Kaland, Hardy Pedersen  
**Fedje:** Paul Knapskog, Hans Erik Waage  
**Gulen:** Bjarte Undertun  
**Masfjorden:** Arne Hindenes, Ragnvald Tangedal  
**Modalen:** Håvard Engeseth, Liv-Anne Aanesen  
**Solund:** Kenneth Sæbø, Nils Christian Bjørgero

### Frå styret:

Ottar Skjelvik (styreleiar), Leif Sleire (nestleiar) og Liv Eriksen Eide (tilsettrepresentant).

### Frå administrasjonen:

Bjørn Berg (dagleg leiar, ref.), Ove-Christian Fredriksen (økonomisjef), Hilde Lysø (seniorrådgjevar) og Tina Kvamme (kommunikasjonsrådgjevar).

### Sakliste:

Sak 01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste  
Sak 02/23 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll  
Sak 03/23 Meldingar  
a) Diverse munnleg orientering  
b) Eigeninkasso i Alver kommune  
  
Sak 04/23 Årsrekneskap og årsberetning 2022  
Sak 05/23 Årsmelding 2022  
Sak 06/23 Honorar til revisor for 2022  
Sak 07/23 Val av medlemmer og varamedlemmer i styret  
Sak 08/23 Val av leiar og nestleiar i styret  
Sak 09/23 Ny selskapsorganisering



Møtet starta med namneoppøp.  
Tormod Skurtveit, leiar i representantskapet, leia møtet.

### **Sak 01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent av representantskapet.**

### **Sak 02/23 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll**

#### **Framlegg i møtet:**

Liv-Anne Aanesen, Has Erik Waage og Tormod Skurtveit (Alver) skriv under protokollen.

**Samrøystes godkjent av representantskapet.**

### **Sak 03/23 Meldingar**

#### **a) Diverse munnleg orientering**

#### **Service og administrasjonsbygg**

I Kjevikdalen er bygging no satt i gang. Går alt etter plan vil dette stå klart til bruk i fyste kvartal 2024. Ferdigstilling av arbeidet vil gje NGIR nye garderober og pauserom til dei tilsette, samt egna møtelokale og kontor. Ramma er 40 mill kr, og det er fokus på at utbygging skal halde seg innafor denne ramma.

#### **Nye moment i avfallsforskrifta**

Dagleg leiar orienterte.

Avfallsforskrifta er skjerpa, og det er laga ein rettleiar. Rettleiaren inneheld informasjon om kommunars plikt til utsortering og materialgjenvinning av matavfall, hageavfall og plastavfall frå hushaldningane som kan materialgjenvinnast.

Administrasjonen vil gje NGIR sitt representantskap ein orientering no for å klargjere kva for innskjerpingar bransjen står ovanfor når det gjeld innsamling og handsaming av matavfall, hageavfall og plast.

Utsorteringskrav:

#### Matavfall

- 2023: Kildesortering
- 2025: 55 prosent
- 2030: 60 prosent
- 2035: 70 prosent

#### Plastavfall som kan materialgjenvinnes

- 2023: Kildesortering
- 2028: 50 prosent
- 2030: 60 prosent
- 2035: 70 prosent

Status for NGIR per no:

#### **Matavfall**

Matavfall har vore innsamla frå hushaldingane over meir enn 20 år i vårt distrikt. Ordninga er soleis godt innarbeidd og fungerer godt. Vi har likevel ikkje klar oversikt over kor mykje matavfall som blir feilsortert og kasta i restavfallet. Her må vi gjennomføre plukkanalyse for å vere i stand til å lage gode berekningar. Vi har heller ikkje eit tilbod for matavfall når det gjeld fritidsbustad.

#### **Hageavfall**

NGIR har ordningar for levering av hageavfall ved alle dei faste gjenvinningsstasjonane, minus Solund. Vi har heller ikkje tilrettelagt for dette for de mobile gjenvinningsstasjonane.

#### **Plastavfall**

For emballasjeplast har NGIR innsamlings – og sorteringsløysing på plass. Utfordringa er «all anna plast» som skal sorterast ut: Hagemøblar, leiketøy, sportsutstyr etc. Unntak for utsortering er plastavfall som ikkje kan materialgjenvinnast. Problemet med dette er den store variasjonen i plasttypar; her manglar kunnskap om kva som kan materialgjenvinnast eller ikkje.

#### **Kostnadar**

Innføring eller endring av sorteringsløysing, rettleiing, infrastruktur, transport og administrasjon vil gje auka kostnadar som skal påleggast hushaldningane. Det vil truleg innførast fleire produsentansvarsordningar framover, kor produsent skal dekkje innsamling



og handsamingskostnad, men det vil bli krevjande å nå måla og samstundes halde gebyr på eit så lavt nivå som mogeleg.

### **Representantskapsmøte i NGIR etter kommunevalet:**

Til hausten er det val, og den 23.oktober er det møte i NGIR sitt representantskap. Det er viktig å huske på at det er det sitjande representantskapet som møter i oktober, då val av nye representantar ikkje er klart til denne datoen.

### **b) Eigeninkasso i Alver kommune**

Økonomisjef Ove Christian Fredriksen orienterte.

#### Utdrag frå saka

NGIR har brukt Intrum (tidlegare Lindorff) som inkassoselskap sidan omlag 2004, for alle krav NGIR sendar ut. Løysinga har vist seg å vera svært effektiv og god administrativt både for NGIR og eigarkommunane. Den er og ei kostnadseffektiv løysing der NGIR berre betalar for sakar som trekkast og rettsgebyr, elles dekkast alle kostnader av dei gebyr Intrum legg på krava.

Etter samanslåinga av Alver kommune er det komen ei endring for inkasso for hushald- og hyttekundane i Alver kommune. Den administrative fellesnemnda for samanslåinga av Lindås, Meland og Radøy kommune vedtok at Alver skulle ha eigeninkasso for alle dei kommunale krava i Alver kommune, inkludert renovasjons- og slamgebyr som NGIR fakturerer.

#### Forskjell i innkrevingsprinsipp

Det er, som nemnt over, uheldig at inkasso vil verta handsama ulikt, med lik forskrift og like retningslinjer. Dette vert forsterka når ein innbyggjar i vår region som kan bu i ein kommune og kan ha fritidsbustad i ein annan. Det vil verta krevjande for NGIR å forklara innbyggjarane kvifor det vert handsama på ein måte i den eine kommunen og på ein annan måte i den andre kommunen. Særleg viss eit av løpa kan opplevast som strengare. Denne ulikheita vil vera ein realitet så lenge ein har eigeninkasso i ein av kommunane

**Representantskapet tok meldingane til orientering.**



## Sak 04/23    Årsrekneskap og årsberetning 2022

Rekneskapen for 2022 er gjort opp med eit overskot etter skatt på kr 6 319 863.

Driftsinntektene var kr 156,7 millionar, noko som er ein auke på 24,1 % frå 2021.

Driftskostnadene utgjorde kr 149,0 millionar, ein auke på 16,8 % frå 2021.

### **Resultat 2022**

Resultata (før skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

<b>Resultat 2022</b>	<b>Resultat</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>
<b>Hushaldsrenovasjon</b>	kr 2 289 134	- kr 1 464 146	kr 3 753 280
<b>Næring</b>	kr 5 036 018	kr 83 517	kr 4 952 501
<b>Slam</b>	kr 102 777	- kr 492 572	kr 595 349
<b>Totalt</b>	<b>kr 7 427 930</b>	<b>- kr 1 873 201</b>	<b>kr 9 301 130</b>

### **Styret sitt framlegg til vedtak:**

Representantskapet godkjenner årsrekneskap og årsberetning 2022 med følgjande disponering:

	<b>Disponering:</b>	<b>Sum etter disp.</b>
Avsetning til utjamningsfond hushald	850 473	10 129 511
Bruk av utjamningsfond slam	- 546	14 052
Avsetning til eigenkapital	5 469 937	73 817 967
<b>Sum disponering</b>	<b>6 319 863</b>	

**Samrøystes godkjent av representantskapet 05.06.23.**



**Sak 05/23    Årsmelding 2022**

Årsmelding for 2022 ligg ved.

**Framlegg til vedtak:**

Representantskapet godkjenn årsmelding for 2022.

**Samrøystes godkjent av representantskapet 05.06.23.**

**Sak 06/22    Honorar til revisor 2022**

Vestlandsrevisjon har utført revisjon av føreliggjande forvaltnings- og rekneskapsdokumentasjon for NGIR. Kostnaden for 2022 er sett til kr 57 000.

Budsjetterte kostnader for 2022 var kr 60 000.

Kostnaden for 2021 var kr 57 000.

**Styret sitt framlegg til vedtak:**

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene for 2022 på kr 57 000.

**Samrøystes godkjent av representantskapet 05.06.23.**



## **Sak 07/23 Val av medlemmer og varamedlemmer i styret**

### **Valnemnda sitt framlegg til vedtak**

Styret i NGIR får følgjande samansetjing etter årsmøtet 05.06.23:

#### *Styremedlemmer:*

Leif Hosøy Sleire, Alver (2024)  
Solfrid Sagstad, Alver (2024)  
Erlend Nessen, Solund (2024)  
Øyvind Bratshaug, Alver (2025)  
Kate Bentzen, Austrheim (2025)

#### *Varamedlemmer:*

1. vara: Martin Karlsen, Fedje (2024)
2. vara: Siv Aina Gullbrå, Modalen (2024)
3. vara: Kamilla Renathe Birkeland Haukeland, Masfjorden (2024)

I parentes er oppgjeve kva år dei ulike medlemmene står på val neste gong.

I tillegg har dei tilsette hjå NGIR valt Liv Eriksen Eide som styremedlem, og Oddvin Steinstø som vara (for 2 år, frå mai 2022).

### **Samrøystes vedteke av representantskapet 05.06.23.**

## **Sak 08/23 Val av leiar og nestleiar i styret**

Styret hjå NGIR har i dag følgjande leiing:

Ottar Skjelvik, Alver, styreleiar  
Leif Hosøy Sleire, Alver, nestleiar

### **Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

Leif Hosøy Sleire, Alver, vert valt som leiar i NGIR sitt styre, for eitt år.  
Øyvind Bratshaug, Alver, vert valt som nestleiar i NGIR sitt styre, for eitt år.

### **Samrøystes vedteke av representantskapet 05.06.23.**

## Sak 09/22 Selskapsorganisering


Det blei i styresak 28/20 og representantskapssak 27/20 avdekket eit behov for ei ny selskapsorganisering av NGIR. Dette skuldast det sterke innslaget av næringsaktivitet i NGIR IKS (ca. 40 % av omsetnaden). Skal NGIR drive næringsaktivitet vidare må dette gjerast innanfor ei anna ramme enn i eit IKS, som primært er oppretta for offentleg oppgåveløysing. Styret har vurdert fleire modellar, men det vart tidleg klart (styresak og representantskaps-sak 14/21) at dei fleste delane av NGIR ikkje kan delast i ein del for næringsverksemd og ein del for hushaldstenester. Ei slik oppsplitting vil føra til svært svekka tenester og sterkt aukande kostnader for begge delar av NGIR.

I styresak 04/22 og representantskapssak 10/22 vart det lagt fram eit forslag til ny selskapsorganisering av NGIR. Før endeleg vedtak sende Representantskapet saka til høyring hjå NGIR sine eigarkommunar.

Styret handsama forslag til ny selskapsorganisering etter høyring i styresak 06/23 og 12/23, og styret legg no fram endeleg forslag til organisering til vedtak i representantskapet.

### Selskapsstruktur


Selskapsstrukturen vil sjå ut slik:





### Eigarskap

Eigarskapet vil vera som følger:



Ved eit positivt vedtak i representantskapet og ei fullmakt til styret til å fullføra prosessen, vil styret stifte dei nye selskapa og implementera dei naudsynte endringane. For å få ei enklare overgang for løn og rekneskap, anbefalast det at endringa vert gjennomført med verknad frå og med 01.01.2024.

### **Framlegg til vedtak:**

1. Representantskapet vedtek ny selskapsorganisering av NGIR i tråd med denne sak.
2. Representantskapet vedtek Reglement for styret i Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS.
3. Styret får fullmakt til å gjennomføra ny selskapsorganisering av NGIR i tråd med denne sak.



4. Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS delegerer einerett til NGIR Drift AS for å utføre deler av eigarkommunane sine forpliktingar iht. forureiningslova § 30, jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 1-3 (2) bokstav h.

Følgjande oppgåver innan hushaldsavfall skal utførast av NGIR Drift AS i medhald av tildelt einerett:

- Innsamling/transport av avfall
- Mottak og vidare handsaming av avfall
- Drift av gjenvinningsstasjonar

Med mindre NGIR IKS vedtar noko anna, har NGIR Drift AS einerett til å utføre angjevne oppgåver så lengje NGIR IKS har einerett til å utføre lovpålagte oppgåver innan hushaldsavfall for eigarkommunane.

#### **Vedtak:**

#### **Punkt 1-3 og 4 vart samrøystes vedteke av representantskapet 05.06.2023.**

Det vart diskusjon i representantskapet knytt til reglement for styret i NGIR. Stian Lavik meinte at punkt 3, 4 og 6 burde takast bort og at styret og dagleg leiar i dotterselskapa kunne velgast utan at dette var klart nedfelt i styrereglement. For andre var det viktig at reglementet skulle spegle kontrollen representantskapet har over IKS'et og AS'ane, og behalde desse punkta. Etter ein kort debatt ble det avstemming per punkt og resultatet vart som følger:

- 1: Samrøystes vedteke
- 2: Samrøystes vedteke
- 3: 16 stemmer for – 1 mot
- 4: 16 stemmer for – 1 mot
- 5: Samrøystes vedteke
- 6: 16 stemmer for – 1 mot
- 7: Samrøystes vedteke
- 8: Samrøystes vedteke
- 9: Samrøystes vedteke

#### **Punkt 2 og saka samla er dermed vedtatt av representantskapet 05.06.2023**



Alversund 05.06.23

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Tormod Skurtveit", written over a horizontal dashed line.

Tormod Skurtveit  
-Representantskapsleiar-

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Liv-Arne Aanesen", written over a horizontal dashed line.

Liv-Arne Aanesen  
-Representantskapsmedlem-

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Hans Erik Waage", written over a horizontal dashed line.

Hans Erik Waage  
-Representantskapsmedlem vara-

